

**AVGJERD I EØS-KOMITEEN**  
**nr. 75/2015**

2016/EØS/42/02

av 30. april 2015

**om endring av vedlegg I til EØS-avtala (Veterinære og plantesanitære tilhøve)**

EØS-KOMITEEN HAR –

med tilvising til avtala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, heretter kalla EØS-avtala, særleg artikkel 98, og

på følgjande bakgrunn:

- 1) Kommisjonenens gjennomføringsavgjerd 2014/708/EU av 9. oktober 2014 om endring av vedtak 2003/467/EF med omsyn til fråsegna om at visse regionar i Polen er offisielt frie for enzootisk bovin leukose<sup>(1)</sup> skal takast inn i EØS-avtala.
- 2) Kommisjonenens gjennomføringsbeslutning (EU) 2015/130 av 26. januar 2015 om godkjenning av laboratorier i Kina med hensyn til utføring av serologiske prøver for kontroll av rabiesvaksiners virkning<sup>(2)</sup> skal takast inn i EØS-avtala.
- 3) Denne avgjerda gjeld føresegner om andre levande dyr enn fisk og akvakulturdyr. Som nemnd i nr. 2 i den innleiande delen til kapittel I i vedlegg I til EØS-avtala skal slike føresegner ikkje gjelde for Island. Denne avgjerda skal difor ikkje gjelde for Island.
- 4) Denne avgjerda gjeld føresegner om veterinære tilhøve. Føresegner om veterinære tilhøve skal ikkje gjelde for Liechtenstein så lenge avtala mellom Det europeiske fellesskapet og Det sveitsiske eidssambandet om handel med landbruksprodukter er utvida til å omfatte Liechtenstein, som nemnd i tilpassing etter sektor i vedlegg I til EØS-avtala. Denne avgjerda skal difor ikkje gjelde for Liechtenstein.
- 5) Vedlegg I til EØS-avtala bør difor endrast –

TEKE DENNE AVGJERDA:

*Artikkel 1*

I vedlegg I kapittel I til EØS-avtala vert det gjort følgjande endringar:

1. I del 4.2 nr. 70 (kommisjonsvedtak 2003/467/EF) skal nytt strekpunkt lyde:  
”– **32014 D 0708:** Kommisjonenens gjennomføringsavgjerd 2014/708/EU av 9. oktober 2014 (EUT L 295 av 11.10.2014, s. 60).”
2. I del 4.2 etter nr. 99 (Kommisjonenens gjennomføringsbeslutning 2014/514/EU) skal nytt nr. 100 lyde:  
”100. **32015 D 0130:** Kommisjonenens gjennomføringsbeslutning (EU) 2015/130 av 26. januar 2015 om godkjenning av laboratorier i Kina med hensyn til utføring av serologiske prøver for kontroll av rabiesvaksiners virkning (EUT L 21 av 28.1.2015, s. 20).  
Denne rettsakta gjeld ikkje for Island.”

*Artikkel 2*

Teksta til gjennomføringsavgjerd 2014/708/EU og gjennomføringsbeslutning (EU) 2015/130 på norsk, som vil verte kunngjord i EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske unionen*, skal verte gyldig.

<sup>(1)</sup> TEU L 295 av 11.10.2014, s. 60.

<sup>(2)</sup> TEU L 21 av 28.1.2015, s. 20.

*Artikkel 3*

Denne avgjerda tek til å gjelde 1. mai 2015, på det vilkåret at alle meldingar etter artikkel 103 nr. 1 i EØS-avtala er sende inn(\*).

*Artikkel 4*

Denne avgjerda skal kunngjerast i EØS-avdelinga av og EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske unionen*.

Utfjerda i Brussel 30. april 2015.

For EØS-komiteen

**Gianluca Grippa**

Formann

---

(\*) Ingen forfatningsrettslige krav angitt.